

Bytte fotballtreninga ut med strandrydding.

24.04.2018



G14 og J14 klar for strandrydding.

11 gutar og jenter frå foballaga G14 og G14 valde strandrydding i staden for fotballtening i går ettermiddag. Treinarane deira gav dei valet, anten fotballtrening eller strandsrydding. Mange valde å gjera eit samfunnsnyttig arbeid for miljøet i nærområde. Audun Eik og Kristian Bringedal hadde båt og var med på ryddinga.

I samarbeid med SIM vert det gjennomført plast- og strandrydding. Det er ein betalt dugnad der fotballaga får ein bestemt sum pr. levert bossekk. Resultatet i går vart 18 sekker. Sekkene vert levert på SIM i morgon, torsdag.



Kristian, Sander og Johan samlar plast, isopor og tauverk i Fiskabukto på Snilstveitøy.

Strandryddinga, som vart gjort i fjor, var vellukka. Det var langt mindre plast og avfall på det same område i år. Arealet frå Mjødnasund mot Eidsvikjo stod for tur i år. Her var mykje plast, tauverk, isopor og plastkanner. Plassar som Fiskebukta og Kvitaneset var mykje forsøpla. Nokre større gjenstandar ligg att i stranda. Her trengst det større båt og maskinkraft for å få det flytta til fastlandet.

Plastryddinga held fram. Dersom ein treng spesialsekker, ta kontakt med Uskedal utvikling v/ Kristian Bringedal på mobil 915 31 487.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Fullasta båt med 7 sekker og fire personar i båten.